

# Oppgavene

---

*Noen kjennetegn på de sterkere og svakere sidene ved elevsvar knytta opp mot de ulike oppgaven.*

# Del A Kortsvarsoppgave

Vedlegg:

- Facebook-siden til språkorganisasjonen Noregs Mållag, lastet ned 15.11.2018

Gjør greie for det du mener er hovedformålet med denne Facebook-siden. Forklar hvordan de retoriske appellformene er brukt for å oppnå dette formålet. Bruk eksempler fra vedlegget.

*Kommentar: Du skal svare på en presis måte og bruke relevant fagspråk.*



# Kommentar, kortsvar

I det gode svaret formulerer eleven det han/hun mener er hovedformålet på en klar måte. Eleven anvender kunnskap om de retoriske appellformene ved å bruke vedlegget aktivt og vise til konkrete eksempler.

I kortsvaret er strukturen på svaret og presisjonen i språket særlig viktig. Gode svar har klar struktur og god sammenheng mellom de enkelte setningene. De gode svarene er effektive og kommer raskt fram til selve analysen.

Svakere svar formulerer ikke et klart hovedformål og forklarer ikke tydelig hvordan appellformene blir brukt. Svakere svar har gjerne en uklar ytre struktur, og det er svakere sammenheng mellom de enkelte setningene i avsnittene.



# Del B Langsvarsoppgåver Oppgåve 1

Vedlegg:

- «Mennesker og språk på vandring» av Birgitte Fondevik, *Sunnmørsposten* 23.06.2016
- «Målet er å unngå at folk rundt deg skal tenkja 'stakkars utlending'» av James Puchowski, *Framtida.no* 28.02.2017
- Utdrag frå *Den nye norsken. Slangordbok*, 2013
- Facebook-sida til språkorganisasjonen Noregs Mållag, lasta ned 15.11.2018

Vedlegga viser ulike sider ved det språklege mangfaldet i Noreg. Skriv ein resonnerande tekst der du drøftar kva moglegheiter og utfordringar det språklege mangfaldet gir oss. Bruk eksempel frå minst tre av vedlegga.

*Kommentar: Det skal komme tydeleg fram av svaret ditt at du bruker synspunkt og eksempel frå dei vedlagde tekstane. Du kan også bruke relevant kunnskap du har om språkpolitikk, språkdebatt, språkleg variasjon og talemålsutvikling.*



# Kommentar til oppgave 1

Oppgaven åpner for ulike innfallsvinkler og måter å bruke vedleggene på. Her må sensor være åpen for ulike løsninger.

I det gode svaret drøfter eleven utfordringer og muligheter det språklige mangfoldet gir oss. Eleven bruker eksempel fra tekstvedleggene og drøftingen er oversiktlig (husk at «nyansert» og «saklig» er ord i kolonnen for karakter 5-6).

I svakere svar parafraserer elevene vedleggene uten å drøfte.



# Oppgåve 3

Vedlegg:

- «Aldri før» av Rolf Jacobsen, 1985
- «En vakrere verden er mulig» av Kathrine Aspaas, 2018
- «Jeg så deg på insta», teikning av Lisa Aisato, 2018

Dei tre vedlegga handlar om forholdet mellom teknologi og menneske. Skriv ein kreativ tekst der du utforskar denne tematikken. Bruk vedlegga når du skriv.

*Kommentar: Oppgåva opnar for ulike løysingar. Det skal komme fram at du har brukt tekstvedlegga, men du kan bruke dei på ulike måtar i svaret ditt. Du kan vise kreativitet gjennom dei innfallsvinklane du vel, og måten du bruker språket på.*



# Kommentar, oppgave 3

Gode svar utforsker forholdet mellom teknologi og menneske på en tydelig måte og bruker ideer og/eller eksempler fra vedleggene i svaret sitt.

Gode svar har tydelige kreative elementer både i innfallsvinkler og i språket (merk ny rad knytta til fiksjonsprega svar i vurderingsskjemaet).

Svakere svar er lite utforskende, og eleven parafraserer innholdet i tekstvedleggene. Noen svakere svar er ikke tydelig nok forankret i tekstvedleggene.

Svakere svar viser lite kreativitet.



# Oppgave 4

Vedlegg:

- «Vår» av Tove Ditlevsen, 1944

Tolk novellen.

*Kommentar: Du skal skrive om både form og innhold i novellen. Du skal bruke relevant fagspråk og konkrete eksempler fra teksten.*





# Kommentar, oppgave 4

I gode svar nærleser eleven novella og bruker konkrete eksempler fra teksten. Eleven gjør greie for både form og innhold og gjør i noen grad greie for hvordan virkemidlene fungerer i novellen.

I et svakere svar kan eleven bruke mye plass på å gjenfortelle, tolker uten forankring i teksten og viser ikke tydelig sammenheng mellom form og innhold.



# Del A Kortsvarsoppgave

Vedlegg:

- «Vil du ha meg? (Sandra)» av Tore Renberg, 2013

Gjer greie for nokre av verkemidla som blir brukte for å skildre Sandra.

*Kommentar: Du skal svare på ein presis måte og bruke relevant fagspråk.*



# Kommentar, kort svar

Dei gode svara gjer greie for korleis ulike verkemiddel er med på å skildre Sandra. Dei nyttar fagspråk og viser med døme frå vedlegget. Eleven må gjere eit utval av verkemiddel når han/ho skriv. Sensor må vere open for ulike løysingar.

I kortsvaret er strukturen på svaret og presisjonen i språket særleg viktig. Dei gode svara har klar struktur og god samanheng mellom dei enkelte setningane. Dei gode svara kjem raskt til analysen.

Svakare svar er prega av at eleven parafraserer innhaldet i tekstvedlegget, men viser noko forståing. Svakare svar har gjerne uklar ytre struktur, og det er svakare samanheng mellom dei enkelte setningane i avsnitta.



# Del B Langsvarsoppgaver Oppgave 1

Vedlegg:

- «Brudeferd i Hardanger», maleri fra 1848
- «Det ligger i vår natur», annonse for Den Norske Turistforening fra matprodusenten Gilde, 2018
- Utdrag fra et intervju med Are Kalvø i tv-programmet *Lindmo*, 21.09.2018

Skriv en resonnerende tekst der du drøfter hvilke funksjoner naturen kan ha i forestillingene våre om det norske. Bruk eksempler fra alle de tre tekstvedleggene.

*Kommentar: Du skal bruke vedleggene, og du kan også bruke andre eksempler og tekster du kjenner til.*



# Kommentar til oppgåve 1

Oppgåva opnar for ulike innfallsvinkar og måtar og bruke vedlegga på. Her må sensor vere open for ulike løysingar.

I det gode svaret drøftar eleven kva naturen har å seie for førestillinga om det norske: Eleven ser på naturens rolle i førestillingar om det norske i ulike samanhengar. Hugs at «nyansert» og «sjølvstendig» er ord i kolonnen for karakter 5-6. Eleven bruker alle tekstvedlegga som døme.

I svakare svar parafraserer eleven tekstvedlegga utan å nødvendigvis peike på samanhengar mellom dei.



# Langsvarsoppgave 3

Vedlegg:

- «Jeg heier på det vanlige mennesket», foredrag av professor Per Fugelli på Prestasjonskonferansen 2015, *Aftenposten* 23.09.2015

Formuler kort hva som er hovedbudskapet i foredraget, og analyser teksten. Bruk begrep fra retorikken.

*Kommentar: Du skal svare på en presis måte og bruke relevant fagspråk.*



# Kommentar, oppgave 3

I gode svar formulerer eleven budskapet i talen presist og har ei tydeleg analytisk tilnærming. Han/ho bruker tekstvedlegget aktivt til å underbygge analysen.

Gode svar forklarer korleis retoriske appellformer blir brukte og viser til relevante døme frå føredraget. Sensor må vere open for at eleven gjer eit utval av element når han/ho analyserer.

I svakare svar parafraserer eleven ofte meir enn han/ho analyserer og har lite eller upresist fagspråk. Svara viser forståing for budskapet til talen, men denne er ikkje nødvendigvis formulert presist. Eleven bruker få og/eller ikkje så relevante døme.



# Langsvarsoppgåve 4

Vedlegg:

- «Forspill» av Inger Hagerup, 1942
- «Blodspor» av Marit Kaldhol, 2018

Tolk og samanlikn dei to tekstane.

*Kommentar: Du skal skrive om både form og innhald i dei to tekstane og bruke relevant fagspråk.*





# Kommentar, oppgåve 4

Gode svar har ei tydeleg tekstforankring. Eleven tolkar og samanliknar fleire sider ved dei to tekstane og bruker relevant fagspråk. I gode svar gjer eleven greie for både form og innhald og viser samanheng mellom verkemiddel og tema. Eleven bruker tekstvedlegga aktivt i analysen.

Eit svakare svar viser noko forståing av tema i tekstane. Analysen kan vere knapp og det kan vere upresis bruk av fagspråk. Eleven samanliknar få sider ved dei to tekstane og brukar vedlegga lite aktivt.



# Diskusjon og fagleg profesjonelt skjønn

Formuler først kva svaret viser at eleven kan. Deretter kva som manglar.

Dersom de ikkje er einige, analyser kvifor:

- Er det oppgåvebestillinga?
- Elevens måte å svare på?
- Vurderingsskjemaet?
- Grensene mellom karakterane?

OBS: Kopiane skal makulerast etter bruk



# Norskfaglig kompetanse har flere sider

I hvilken grad, og på hvilken måte,  
viser **både kortsvaret og langsvaret ...**

- lesekompetanse?
- skrivekompetanse?
- anvendt kunnskap?
- Bruk vurderingsskjema

